

Christian Michelsen Research AS
v/Kristin Gulbrandsen Frøysa

Dato: 14.12.2015
Vår ref.: 2014/20763-48
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Klimaplan for Hordaland 2015 – tilsegn om inntil kr 100.000,- til Science Meets Industry Bergen 2016

Klimaplantilsegn 23-2015

Viser til Dykkar søknad motteke 14.12.2015. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 100.000,- til konferansen Science Meets Industry Bergen 2016. Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland. De må oppmøde om utbetaling av tilsegna innan 18.12.2015.

Prosjektgrunnlag

Christian Michelsen Research AS (CMR) søker om støtte til konferansen Science Meets Industry Bergen 2016. NORCOWE, som CMR er vertsinstitusjon for, har organisert denne konferansen årleg sidan 2011 og den er etablert som møteplass for miljø med interesser innanfor havvindenergi. Finansiering av NORCOWE går ut tidleg i 2017 og det er dimed ikkje ressursar til å arrangere konferansen i 2016. CMR ønskjer å vidareføre denne møteplassen mellom industri, forskning og studentar.

Vilkår for tilskotet

- Tilsegns mottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan nemnde frist.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegns mottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegns mottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

• Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegns mottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.

• *Sluttrapporten* skal seie noko om:

- Bakgrunn for prosjektet
- Mål med prosjektet
- Oppnådde resultat
- Vurdering mot oppsette mål
- Oppsummering av prosjektarbeidet
(organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
- Eventuell vidareføring av prosjektet

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er mottoke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

- Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.
- Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, 55 37 80 11, tale.halsor@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av konferansen!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar: Tale Halsør

Kopi til:
Karina Garnes Reigstad
Anne-Grethe Stenhjem – Kontostreng 10.160.402.00

Vedlegg

1 Akseptskjema